



FISKERIDIREKTORATET

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest  
Vår referanse: 16/2140  
Dykkar referanse: 2016/1803-3  
Vår dato: 30.05.2016  
Dykkar dato: 12.02.2016

Att: Vibeke Saure Lokøy

## **BLOM FISKEOPPDRETT AS- SØKNAD OM UTVIDING AV AREAL PÅ LOKALITET 11738 OTTERHOLMEN RADØY KOMMUNE - UTTALE**

Vi viser til brev av 12.2 2016 frå Hordaland fylkeskommune og søknad dagsett 3.2 2016 frå Blom Fiskeoppdrett AS.

Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.

**Søknad om endra arealbruk ved lokalitet 11738 Otterholmen kjem i konflikt med fiske. Fortøyningssystema frå anlegget vil sperre for tråling i rekefeltet som Fiskeridirektoratet har registrert i Helleosen. Fiskeridirektoratet region vest kan ikkje gå inn for søknaden utan at fortøyningssystema vert plassert på ein måte slik at dei ikkje kjem til hinder for trålfiske.**

### **Om søknaden**

Blom Fiskeoppdrett AS søker om løyve til å utvide klarert areal ved lokalitet 11738 Otterholmen frå 6 stk. 75 x 75-meters rammer i 2 rekkjer, til 6 rammer på 100 x 100 meter i 2 rekkjer. Lokaliteten er godkjent for maksimal tillaten biomasse (MTB) på 3600 tonn, og det vert ikkje søkt om å auke denne.

### **Vurdering**

#### Fiske – registrert rekefelt i Helleosen

Fiskeridirektoratet har registrert eit rekefelt i Helleosen på austsida av Uttosko. Av omsyn til trålfiske i rekefelta er det viktig at fysiske installasjonar som t.d. fortøyningar og ankerfeste frå oppdrettsanlegg vert lagt ut på ein måte som ikkje kjem fysisk til hinder for tråling.

Rekefelta har historisk vore av stor verdi for fiskarar frå heile regionen, men fordi rekebestanden har gått tilbake gjennom mange år, er reketråling i dag meir sjeldan. Fiskeridirektoratet region vest reknar likevel fjordreke som ein ressurs som kan kome tilbake, og vi går derfor inn for at kjente rekefelt i størst mogleg grad vert halde fri for installasjonar som kan kome til hinder for tråling.

Endra anleggskonfigurasjon vil medføre at arealbruk vert auka med 80 meter i breidda og 120 meter i lengda. Kartskissa til søknaden syner at med utvida arealbruk vil fortøyingsystema frå anlegget kome lenger ut i Hellosen og ut i rekefeltet. Fortøyingsystema vil hindre for trålfiske i feltet og Fiskeridirektoratet region vest kan ikkje gå inn for søknaden utan at fortøyingsystema vert endra slik at desse ikkje kjem til hinder for fiske.

Det er dei fire fortøyingane frå anlegget si langsida mot sydvest som kjem ut i rekefeltet. I kommunen sin arealplan (kommuneplan for Radøy 2011 -23) er det lagt inn eit ein-kategori område for fiske (trålfelt), men dette er ikkje i samsvar med heile området som Fiskeridirektoratet har registrert. Registrert rekefelt kan sjåast gjennom Fiskeridirektoratet sin kartløyning under temalag *Kystnære fiskeridata*.

#### MOM-B undersøking og marint miljø

Trendanalysane som er gjennomførte i driftsfasen tyder på at miljøtilstanden er god i området og at miljøets tåleevne ikkje er overskride med dagens drift.

Søknaden gjeld ikkje ein auke i biomasse, men kun endra arealbruk. Vi har difor ingen merknader til søknaden på bakgrunn av miljøtilstanden som er på lokaliteten no.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune                      Postboks 7900                      5020                      BERGEN

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Radøy Kommune	Krossvegen 8	5936	MANGER
Svein Kvamme	Brandangervegen 258	5960	DALSØYRA